



# Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal

Drammen 19.12.2020

Bråtan 11  
3022 Drammen  
e-post: [buskerud@naturvernforbundet.no](mailto:buskerud@naturvernforbundet.no)  
Tlf: 99604555.

## Via Ferrata i Andersnatten.

### **Historikk:**

Sigdal Aktiv har planer om å etablere ein Via Ferrata i fjellveggen i Andersnatten. Naturvernforbundet ser med undring på at Sigdal Aktiv har brukt 850.000kr på å sikre fjellveggen i Andersnatten før saken har vore til behandling i kommunen. Det legg eit stort press på lokalpolitikarane for å gjera posistivt vedtak i saken, og viser at Sigdal Aktiv er trygg på resultatet av behandlinga i det politiske systemet. Det er ikkje uvanleg, i mange lokalsamfunn, at ein sak er "avgjort" før han kjem til politisk behandling. Først 7.10.2020 sende Sigdal Aktiv inn ein søknad, som var så mangefull at kommunen ikkje kunne behandle den. Ny søknad blei sendt 26.11. 2020.

### **Rovfugl:**

Renskinga av fjellet var gjennomført allereie i September.

Ei slik rensing av fjellveggen kan ha negative konsekvensar for fuglelivet i området. Veggen kan vera ein potensiell reirplass for rovfugl som har tilhold i området. Det gjeld vandrefalk, tårnfalk og andre artar som held til i området. Ei rensing kan ha ført til at det kan bli vanskeleg å finne ei potensiell reirhylle.

Den austre delen av veggen, som Via Ferrata er planlagt i, er eit område som tidlegare har vore lite brukt til fjellklatring. Denne delen av veggen har derfor hatt potensiale i seg til å kunne vera ein god hekkeloalitet. Ei etablering av ein jernveg vil utelukke det.

### **Tilrettelegging:**

Andersnatten er fjell som pregar området. Du ser det langvegs frå når du kører oppover rv.7 mot Hallingdal.

Klatremiljøet har sterke førelsar for veggen. For mange er Andersnatten eit ikon.

Å bygge ein jernveg i Andersnatten er eit stort naturinngrep, og reduserer Andersnatten sin verdi som eit symbol.

Denne symbolverdien blir forsterka av at den kjende kunstnaren Kittilsen brukte Andersnatten flittig som motiv.

Ved å bygge ein Via ferrata i veggen vil denne symbolverdien sannsynlegvis falle bort.

Naturvernforbundet arbeider for det enkle friluftslivet, som ikkje krev tilrettelegging og øydelegging av natur. Såkalla sporlaus ferdsel.

I dei seinare åra er har det blitt ein konkurranse om å legge til rette for ulike aktivitetar. Det blir bygd sykkelvegar i urørte fjellområde, myrar blir gravd opp for å få til skiløyper før nabokommuen og Via Ferrata har blitt bygd mange stader rundt om i landet for å trekke til seg turistar. Naturen blir på denne måten gjort om til ein arena for aktivitet, på bekostning av naturoppleveling. Alt blir velsigna av styresmaktene i eit folkehelseperspektiv.

**Kommuneplanen:**

Sigdal kommunen vedtok ny kommuneplan i 2018. I kommuneplanen er det aktuelle området regulert som LNF-område. Via ferrata er ikkje nevnt i planen.

Sigdal Aktiv søkte om dispensasjon fra arealdelen av planen 23.11.2020. Dei søker om tillatelse til å sette i gang med fjellsiskring,fjellrensing,, bygg av trapp, plankesti,gapahuk,platting og andre installasjoner.

At fleire av desse tiltaka allereie er utført blir ikkje nevnt. At tiltak blir utført før søknad er sendt og blitt behandla, er ein utbreidd praksis rundt om i fylket. Det er etter vår oppfatning ein praksis som bryt med lovverket, og som ikkje burde vera normalen slik det er i dag. Praksisen er knytta opp til ein paragraf i Plan og bygningsloven,der mindre avvik kan søkast om i etterkant. Praksisen er ei feiltokning av lovverket, og ikkje i tråd med intensjonen. Søknaden blir så sendt ut på høyring med vanlige tidsfristar, utan eit ord om at tiltaket allereie er gjennomført. Ein slik praksis fører til auka press på den som skal gjera vedtak, noko som er ekstra problematisk i bygder der alle kjenner alle, og mange er i slekt.

**Konklusjon.**

Naturvernforbundet ber om at Sigdal kommune avviser planen om bygging av ein Via ferrata i Andersnatten.

Ei slik tilrettelegging for aktivitet i veggen, og bygging i området er negativt for dyre og planteliv. Det vil og vera til hinder for allmenn ferdsel i området. Det bør vera gode grunnar for å avvike ein kommuneplan som er så ny som denne. Ein Via Ferrata er ikkje det.

Venleg helsing Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal styreleiar.